




Bulken skule

Visjon - Skulen skal vera ein trygg stad å vera, leika og læra.



Dagens organisering



1 Kjelde Udir og SSB

Skuleår	14/15	24/25	30/31	45/46	Endring
Elevtal	71	89	79	56	-37,1%
Kapasitet	Normal: 110			Maks: 122	
Kapasitetsutnytting av normal kapasitet		81%	72%	51%	
Gjennomsnitt klassestorleik	10,1	12,7	11,3	8	
Gruppestørrelse 1. – 4. trinn (Norm 15)	13,86	11,75			
Gruppestørrelse 5. – 7. trinn (Norm 20)	11,01	12,72			
Tal barn i SFO	37 (19 barn har 100% plass)				

Endring er mellom elevtala i 2024/25 og dei framskrivne elevtal i 2045 (i prosent)

Bemanning


Årsverk leiarressurs	130%
Årsverk lærarressurs	769%



Median alder, tilsette	
Kompetansebehov – Kva manglar me?	

Økonomi

Rekneskap 2023	11 709 125,-
Rekneskap 2024	12 017 650,-
Budsjett 2024	11 994 936,-
Budsjett 2024, utan SFO	11 283 518,-
Rekneskap 2024, utan SFO	11 490 439,-



Gjennomsnitts kostnad per elev eks. SFO, i 2024 (For skular som eit eller fleire barn med omfattande hjelpebehov er det gjort eit fråtrekk på 300 000,- per barn).

Bygningsmasse

Byggjeår	1965
Bruksareal	1490 m ²
	Teknisk tilstand Funksjonelt eigna Tilpassingsdyktig

Fargekodane er henta frå tabell 3-3 rapport frå Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

Andre tilhøve

Avstand til Vossevangen	6, 7 km.
Avstand til Evanger skule	13.1 km.
Tilhøve ved skulevegen	Skuleåret 2024/2025 hadde 68% skuleskyss, mange grunna avstand
Særlege tilhøve ved skulen	Praktisk læring: - Gapahuk ved Nadlane, kring 15-20 min gåtur frå skulen - Sløydsal vert nytta både til tre- og tekstilsløyd - Arbeidar kontinuerleg for å gjera undervisninga meir praktisk. T.d. gjennom å leike butikk og ha tilgjengelege materiale for å kunne gjera forsøk

Tilbod og utvikling i skulekrinsen


Barnehagar i skulekrinsen	Bulken barnehage
Tilknytning til andre tenester	



Bustad og næring

Bulken skule ligg i eit område med spreidd busetnad, med gardar og huseigedomar om ein anna.

Kartutsnitt skulekrins



Eit utdrag av tilbakemelding frå elevar, foreldre og tilsette

Innspel frå elevrådet

Korleis hadde det vore for dykk å bli slått saman med ein annan skule, eller byrja på ein ny og større skule?

Fordelar	Ulemper
Dersom det er ein liten skule kan det vera lurt å slå dei saman. Det kan vera keisamt og vanskeleg å få venner om ein er berre 2-4 i klassen.	- Me er ein passeleg stor skule, det er trygt og god at alle kjenner kvarandre. - Det er kanskje ikkje like lett å få venner på ein skule. - Det er tryggare for dei som byrjar i 1. klasse å gå på ein liten skule

Elevane på Bulken ynskjer ikkje å bli splitta opp, men å få vere saman dersom det skal skje endringar. Dei seier også at dei kan ta i mot elevane frå Evanger ved behov, ettersom dei ikkje er så mange.

Det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

Dette er med nøgde med



- Bruker nærområdet til læring gjennom til dømes gardsbesøk, turar til Vangsen og vinterleik på nabogarden. Fint uteområde med ballbinge
- Nyttar praktisk undervisning, stasjonslæring og «skule for liten og stor» (elevane lagar program som dei framfører, og har cafe med loddssal. Foreldre og besteforeldre er invitert.)
- Valfag på tvers av trinn som bidreg til gode relasjon og eit trygt skulemiljø
- Klassestorleik er passeleg, ikkje for store klasser
- God kontakt mellom skule og heim og foreldre som bidreg i dugnadsarbeid
- Stabilt personale

Forbetringsområde

- Større fokus på klasseleiing
- Jobba med elevmiljøet
- Ein må halde på dei tilsette
- Like retningslinjer for arrangement og FAU
- Betre parkering og ynskje om «Hjartesone»

FAU om skulekvarden til elevane

- Eit trygt og godt læringsmiljø med stabile tilsette som har fokus på inkludering, og samarbeid med foreldre
- Trygg skuleveg
- Trygge og gode vaksne som kjenner barna
- Barna skal få høve til å læra og utvikla seg i sitt eige tempo, og få støtte når dei har behov for dette.

Skulen sin plass i lokalsamfunnet

- Skulen er eit samlingspunkt, og limet i lokalsamfunnet.
- Barna har ein trygg skuleveg og dei får gå saman med venner frå nærmiljøet som styrkar samhaldet mellom dei unge i bygda.
- Det gjev trygg leik å ha ein nærskule og det er praktisk i kvarden
- Skulen samarbeid med lokale lag og nyttar nærområde i undervisninga
- Om ein ikkje har ein nærskule vert det mindre attraktivt å busetja seg i området

FAU om fordelar og ulemper ved strukturendringar

Fordelar	Ulemper
• Elevar frå Evanger er allereie med i dei lokale idrettslag. Dersom dei kjem til Bulken vil det styrke samarbeide og det sosiale blant ungane	• Dersom bulken vert delt opp, vert det mindre attraktivt og vil gå ut over samhaldet i bygda



FAU om uro ved endring av skulestrukturen og deira viktigast budskap

Dersom elevane skal flyttast til ulike skular vil dette dele bygda i to, bryte opp godt etablerte klassemiljø og ta vekk tryggheita til ungane våre. Ta vekk identiteten vår og eit viktig samlingspunkt i bygda. Bulken er ei levande grend med mange lokale lag, ei deling av grenda vil splitte opp dette. Elevane våre vil få lengre reiseveg, på ein veg som ikkje er trygg då dei må ut på stamvegen.